

Referat frå SU-/ SMU-møte ved Knappskog skule onsdag 5. juni 2024 klokka 18-20.

Frammøtte:

Linnea Fjeldstad og Linnea Mikkelsen-Spjeld, leiar og sekretær i elevrådet.

Sarah Rigstad og Are H. Gaasland, FAU-leiar og FAU-medlem.

Kristin Brennhaug og Andreas Ormevik, politisk representant og vararepresentant.

Lisa Skutle, teamleiarar småtrinn.

Katrine Abelsen, SFO-leiar/ repr. for andre tilsette.

Solfrid Kleiven, rektor.

Meldt fråfall: Inga Grøm (teamleiar mellomtrinnet) og Tiril Malene (nestleiar i elevrådet).

Saker:

13/ 24: Gledingskole – ei oppdatering frå elevar og tilsette. Kva gjer vi som er bra og kva vil vi vidareutvikle.

Elevrådet:

- 7. trinn ønsker fleire økter og valmoglegheiter/ meir gleding. Det er gøy med gleding og godt med pause frå andre fag!
 - 6. trinn: Har mykje gleding, får gjere ting som elevane ønskjer.
 - 5. trinn: Litt gøy, men kjedelig å gå på tur, dei ønskjer andre val.
 - 4. trinn: Kjekt med gleding-dagar. Forslag: Ha postar rundt på skulen og skuleområdet, elevane kan gå i lag i grupper.
- Oppsummering: Det er bra at vi er ein gledingskule!

Dei yngste elevane er ikkje representert i elevrådet, men teamleiar for 1.-3. trinn fortel at det er populært med gleding-dagar på tvers og at dei brukar materiellet aktivt i undervisninga. SFO er og involvert i gleding-arbeidet.

Pedagogisk personale:

- Veldig bra innhald med gode ressursar på nettsida.
- Bra og viktig konsept med fokus på det positive.
- Veldig kjekt med rullerande tema. Elevane får reflektere rundt viktige tema.
- Kjekt med aldersblanda gleding-dagar.
- Fint med ein felles gleding-vegg.
- God erfaring med å ha gleding fast på timeplanen som ein del av KRLE-faget.
- Bra at dei føresette blir involvert og oppdatert jamleg, då får det gjerne større effekt.

Representantar frå FAU seier at dei får informasjon og at det er greitt å kunne følgje med på kva som er fokus på skulen.

Spørsmål frå politisk representant om pris for opplegget og om andre skular i kommunen tar del i same opplegg. Det kostar 99 kroner per elev per skuleår. Per no er Knappskog einaste skulen som er ein gledingskule.

14/ 24: Rasisme – korleis handtere det på skulen og i lokalmiljøet? Sak meldt inn frå FAU-representant i førre møte.

Språkbruken er ikkje alltid bra mellom elevane på skulen; i timar og i friminutt. Det er eit samfunnsproblem at språket har hardna til. Vi hadde stort fokus på dette då vi hadde språkbruk-kampanje i desember, men ser at vi må ta dette opp igjen i august/ tidleg på skuleåret. Forslag frå rektor om at vi kan sende heim ein filmsnutt frå Redd Barna om korleis vaksne/ føresette kan møte rasistisk språkbruk og hjelpe barna sine på ein god måte:

[Rasisme - Vær en god antirasist! - Redd Barna](#)

15/ 24: Vedlikehald av skuleanlegget. Tilsyn av leikeplass og leikeapparat på skulen. Problem med vatnet på skulen. Rektor informerer.

Ivar Bentzen, som har vore vaktmeister her, blei pensjonist 1. juni. Ny vaktmeister heiter Bjørn Terje Olsen.

Sak om drikkevatt blei ordna opp i før Ivar slutta. ØyVar kom raskt og sjekka vasskvaliteten på vatnet inn til skulen. Røyrleggjarar og andre sjekka opp og fekk vekk lukt og smak på vatnet. Vi har to vassinntak til skulen, derfor klarte vi å sikre vatn til alle når føresette hjelpte til med å sende vassflasker med barna sine til skulen. Alt er i orden no.

Rektor viste rapport etter tilsyn på leikeplassen. Eit B- avvik (som ved ulykke kan medføre fare for livsvarig skade) og nokre C-avvik (som ved ulykke kan medføre mindre alvorleg skade) på leikestativ som blir følgt opp.

16/ 24: Plan for uteområde og leikeplass på skulen. Planleggje ein prosess.

FAU har hatt møte med eit firma som driv med utbetring av skule- og leikeplassar.

Mål: Få laga ein plan med kostnadsberekning. Få skuleplassen til å bli ein fin samlingsplass som og kan brukast utanom skuletida.

Invitere nokon som har vore med på ei skuleplassutbetring til neste møte? Mål: Bli inspirerte og få gode idear til vidare prosess. Sarah inviterer nokon frå KFU (kommunalt foreldreutval) eller tar kontakt med Solfrid i god tid om ingen kan.

17/ 24: Transport av elevar i innføringsklassane. Politisk vararepresentant har meldt inn saka. Ønsker å vite meir om kva saka handlar om.

Det handlar om Inkludering, språklæring, busetnad og busstilbod. Elevane i innføringstilbodet mister retten til transport om dei går på SFO, derfor er det få som nyttar SFO sjølv om 1.-og 2. trinn har fleire timar gratistilbod.

Politisk vararepresentant ønskjer å førebu ein interpellasjon. Familiene manglar nettverk, bilar. Kva kan gjerast for å betre situasjonen for denne elevgruppa?

18/ 24: Ny barnehage- og skulebruksplan. Informasjon ved politisk vararepresentant som sit i utvalet som har arbeidd med denne saka.

Andreas informerte om arbeidet i utvalet og viste til dei nyaste folketalsprognosane. Saka tas opp igjen i elevråd, FAU og samarbeidsutvalet til hausen, så vi kan sende inn høyringsvar innan fristen i september.

19/24: Evaluere rådsarbeidet på skulen skuleåret 2023-24. Kva har vore bra og kva kan vi gjere annleis til neste skuleår?

Elevrådet har fått til mykje dette skuleåret:

- Utbetring av Spjeld-tunnelen i samarbeid med FAU og samarbeidsutvalet på skulen.
- Sand på fotballbana og nett på måla (FAU har ordna).
- Fordeling av tid på fotballbana og leikeplass med leikestativ.
- Fleire vakter ute i friminutta og eigen fotballvakt.
- Språkbruk-kampanje i desember.
- Kakao til alle elevane før jul i samarbeid med FAU.
- Bokvake og overnatting på skulen for 7. trinn i mai.
- Elevane har fått kome med ønske for bøker til skulebiblioteket, dei er no kjøpt inn.
- Tilbod om sjakk i 10-friminutt for 2.- 5. trinn på 1. klasserommet dei siste skulevekene. Tilbodet blir utvida til hausten.
- Inne-friminutt for 4.-7. trinn frå hausten/ nytt skuleår. Vi ordnar eit inne-friminutt no før ferien for 7. trinn som skal slutte til sommaren.

FAU har arbeida i kulissene for m.a. å få på plass eit årshjul. Vil jobbe meir detaljert framover og vere meir synlege. Dei roser elevrådet for innspel dei har kome med.

SU/ SMU: Dei politiske representantane har vore med på 2 og 3 møter kvar etter at dei blei tildelt Knappskog skule. Kjekt at begge to vil stille på møta så sant det lar seg gjere. Det er fint om FAU kan ha tre faste representantar i utvalet for å få kontinuitet.

20/24: Eventuelt

- Gulleple-pris til Ingvild Vikingsen Skogestad som er avdelingsleiar og lærar på Knappskog skule på NKUL (Nasjonale konferanse for god bruk av IKT i utdanning og læring) i Trondheim i førre veke! Vi er stolte og glade for å ha Ingvild som kollega! Øygarden kommune og Knappskog skule blir lagt merke til.
- Stafett for livet for heile skulen fredag 14. juni, vi støtter kreftforeningen.
- Sak om El-sparkesyklar. Transpondermelding sendt heim til føresette på 4.-7. trinn på bakgrunn av fleire trafikkfarlege situasjonar på skulevegen og på skuleområdet.

Vurdere å kontakte politiet for tilfeldig kontroll. Kan FAU sin trafikk-kontakt be politiet om slik kontroll?

- Elevrådet ønsker søppelspann på uteområdet, FAU ser på saken.
- Det blei stilt spørsmål om FAU vil søke på midlar til flytevestar (ikkje redningsvestar) til innføringsklassane. FAU er på saka allereie.

Referent: Solfrid Kleiven, rektor Knappskog skule